



Frivillighetsregisternemnda

Vedtak i Frivillighetsregisternemnda 15. oktober 2019

Sak

2019/0542 Nærbø Bedehus – org.nr. 983 912 087 – Klage over vedtak om å nekte registrering i Frivilligregisteret

Til stades: Leiar Elisabeth Wittemann, Åse Gustavsen, Ingjald Sørhøy, Bernard Enjolras og Stian Slotterøy Johnsen

Bakgrunn for saka

Nærbø Bedehus (klager) meldte 18. juni 2019 inn registrering i Frivilligregisteret. Organisasjonen var tidlegare registrert i Einingsregisteret.

Frivilligregisteret fatta vedtak om å nekte registrering 4. juli 2019 fordi Nærbø bedehus i følge vedtektene har fleire eigarar, noko som ikkje er i samsvar med den registrerte einingsforma (foreining).

Frivilligregisteret sitt vedtak blei påklaga 10. august 2019. Klager gjer gjeldane at Nærbø Bedehus er sjøiveigande og at definering av eigarskap i vedtektene i realiteten bare legg føringar for samansetning av styret og tydeleggjer kven som er medlemmer og har stemmerett ved årsmøtet.

Frivilligregisteret har ikkje funnet grunn til å gjere om sitt vedtak og har sendt klagen med innstilling 2. september 2019 til Frivillighetsregisternemnda.

Klager kom med merknader til Frivilligregisteret sin innstilling 17. september 2019.

Det rettslege grunnlaget

Det rettslege grunnlaget er lov om register for frivillig virksomhet 26. september 2007 (frivillighetsregisterloven).

Av frivillighetsregisterloven § 4 går det fram kva organisasjonsformer som kan bli registrert i Frivilligregisteret:

- «a) ikke-økonomisk (ideell) forening,
- b) alminnelig stiftelse¹ som ikke foretar utdelinger, eller som utelukkende foretar utdelinger til frivillig virksomhet,
- c) næringsdrivende stiftelse som utelukkende foretar utdelinger til frivillig virksomhet,
- d) aksjeselskap som utelukkende foretar utdelinger til frivillig virksomhet.»

Postadresse

Postboks 511 Sentrum
5805 Bergen

Besøksadresse

Zander Kaaes gate 7
5015 Bergen

Tlf.: 55 19 30 00

E-post: post@knse.no

Etter forvaltningslova § 34 kan klageinstansen prøve alle sider av saka og ta omsyn til nye opplysningar. Klageinstansen kan sjølv treffe nytt vedtak i saka eller oppheve det og sende saka tilbake til underinstansen til heilt eller delvis ny behandling.

Frivillighetsregisternemnda si vurdering

Nærbø Bedehus sin klage gjelder Frivilligregisteret sitt vedtak om å nekte registrering i Frivilligregisteret.

Det er bare organisasjonsformene foreining, stifting og aksjeselskap som kan bli registrert i Frivilligregisteret. For å kunne bli registrert må difor Nærbø Bedehus oppfylle krava til organisasjonsforma foreining.

Eit sentralt kjenneteikn ved foreininga er at den er sjølveigande. I klager sine vedtekter § 1 står det at Nærbø Bedehus er eigd av Nærbø Indremisjon, Normisjon Nærbø, Nærbø Misjonsforening og Nærbø Misjonslag.

Klager har gjort greie for at Nærbø Bedehus er sjølveigande og at eigarskapet slik det er nemnt i vedtektene, bare er for å legge føringar for samansetninga i styret og tydeleggjere kven som er medlemmer. Eigarane har ikkje dei rettane som normalt ligg i eit eigarskap. Det er mellom anna opplyst at eigarane ikkje eig formuen til Nærbø Bedehus, dei svarar ikkje for gjelda til Nærbø Bedehus og dei utøver ikkje nokon styringsrett. Eigarane kan heller ikkje vedta å oppløyse Nærbø Bedehus og dele nettoformuen.

Slik føresegna om eigarskap er formulert i vedtektene er det nemnda si oppfatning at dei forskjellige laga og foreiningane er eigarar av Nærbø Bedehus. Vedtektene gir ikkje uttrykk for at eigarfunksjonane er avgrensa slik klager gjer greie for. Nærbø Bedehus kan difor ikkje bli registrert i Frivilligregisteret.

Konklusjon

Frivillighetsregisternemnda finn etter ei konkret vurdering av opplysningane i saka at Frivilligregisteret sitt vedtak skal oppretthaldast.

Vedtak

Klagen vert ikkje teken til følge.

Dokumentet er godkjent elektronisk